



- Innlandet fylkeskommune v/medlemmer i hovedutvalg for utdanning og fylkesutvalget

Vår ref  
2021/58-7

Dykkar ref

Saksbehandler  
Frode Damstuen

Dato  
22.04.2024

## Førebels attendemelding, jfr. framtidig tilbods- og skulestruktur i Innlandet

Regionstyret i Nord-Gudbrandsdal forstår at minkande elevtal og dermed reduserte statlege overføringar vil måtte føre til endra tilbods- og skulestruktur i det vidaregåande utdanningstilbodet i Innlandet. Etter politisk bestilling har fylkeskommunedirektøren lagt fram forslag i tre alternativ.

Regionstyret meiner at utgangspunktet for bestillinga er mangelfull, fordi ho bryt med fylket sine egne vedtekne planar. Vi viser m.a. til målsettingar i Innlandsstrategien og Regional plan for det inkluderande Innlandet:

**Innlandsstrategien** har som langsiktig mål å arbeide for å realisere "eventyrlige muligheter" i Innlandet, m.a. "levende lokalsamfunn med bærekraftige byer, tettsteder og bygder".

**Regional plan for det inkluderande Innlandet** har ei uttrykt målsetting om at fylket i 2030 skal ha "relevant og tilgjengelig utdanningstilbud som fremmer inkludering og livslang læring for alle". Det heiter vidare at "utdanningstilbud og tilgang til gode og inkluderende utdanningsløp er en forutsetning for god gjennomføring av vidaregåande skole og studier. Det vil redusere ulikheter knyttet til grunnleggjende sosiale forhold som utdanning og økonomi".

Regionstyret meiner at den bestillinga som administrasjonen har fått, bryt med dei klåre målsettingane og intensjonane som fylkestinget sjølv har vedteke, som å utvikle levande lokalsamfunn og ha tilgjengelege og gode utdanningstilbod i heile fylket. Vi meiner at fylkesutvalet ikkje må vedta å sende ut på høyring ei sak der noko så viktig som det vidaregåande utdanningstilbodet skal vera basert på berre prognosar for elevtal og økonomi.

Regionstyret meiner at før ei så omfattande endring av tilbodsstrukturen i vidaregåande, må vi utvide perspektivet og vurdere konsekvensane av dei tre alternativa, målt opp mot målsettingane i fylkeskommunen sitt eige planverk. Kva for følgjer vil endringane få for målsettinga om at det skal vera busetnad og levande lokalsamfunn i heile fylket? Kva for følgjer vil det få for målsettinga om at utdanningstilboda skal vera tilgjengelege for alle? Nord-Gudbrandsdal har frå før eit relativt lågt utdanningsnivå, og kva for følgjer vil endringane få for arbeidet med å redusere sosiale skilnader knytt til utdanning og økonomi?

Nord-Gudbrandsdal er som kjent ein region med store avstandar og store demografiske utfordringar. Likevel byr fjellområda, reiselivet og andre spanande næringar på "eventyrlege" moglegheiter, som gjer det både naturleg og ynskjeleg å både behalde og tilføre regionen nye utdanningsløp innan ulike yrkesfag.

**Postadresse:**  
Skansen 7  
2670 OTTA

**Org.nr:** 976 634 845  
**Hjemmeside:** [www.nord-gudbrandsdal.no](http://www.nord-gudbrandsdal.no)  
**E-post:** [e-post@regionkontoret.no](mailto:e-post@regionkontoret.no)

**Telefon:** 90915501  
**Bankkonto:** 2095.52.93739

Oppsummert meiner regionstyret at før endeleg vedtak om tilbodsstrukturen må det må bli gjort ei grundig analyse av dei samfunnsmessige konsekvensane av dei alternativa som ligg på bordet. Vi ber om dette blir nedfelt og konkretisert i høyringsdokumentet som etter framdriftsplanen blir vedteke i fylkesutvalet 30. april.

Regionstyret ser at vi i alle 3 alternativa som er skissert frå Fylkeskommunedirektøren vert sterkt råka. Tilbodsstrukturen innan yrkesfaglege tilbod er i utgangspunktet smal i når ein samanliknar med andre regionar og vidaregåande skular med same elevgrunnlag.

I regi av Gudbrandsdal næringsforeining har det vore utført ei utgreiing som viser at vi treng eit breiare tilbod, og at det er av avgjerande betydning at vi får behalde minst dei tilboda vi har.

Næringslivet har arbeidd aktivt for å knyte næringa tettare opp mot den vidaregåande skulen i regionen. Ein ser at modulbaserte løysingar og andre ordningar kan vere attraktivt både for elevar og næringsliv, og etterlyser ein tiltaksplan for korleis samarbeidet med vidaregåande skule kan forsterkast og forbetrast.

Regionstyret stiller seg positive til at ein vil leggja ein tilbodsstruktur over fleire år som skapar forutsigbarheit for elevane. Når ein har eit næringsliv som aktivt søker samarbeid, må fylkeskommunen også leggja til rette for at vi kan få utvikla studietilbod som kan auke valfridomen til elevane.

Det er store avstandar i Gudbrandsdalen og 30% av elevane frå regionen bur på hybel eller pendlar langt som dei gjer. Fleire regionar har fleire elevar ved sine vidaregåande skular enn dei sjølve har innbyggjarar i alderen 16-18 år, medan Nord-Gudbrandsdalen får færre 16-18 åringar som bidreg i lokalsamfunna på fritida av di dei studerer ved vidaregåande skuler utanom regionen. Regionstyret meiner fylkeskommunen må vurdere desse samfunnsmessige konsekvensane nøye.

Vidare vil vi påpeike at dersom restaurant- og matfag, salg, service og reiseliv, samt byggfag v/ NGVGS blir borte, har vi berre att 2 liner for praktiske fag i Nord-Gudbrandsdalen. Dette er ikkje i tråd med det behovet som næringslivet i kommunane etterspør og det vedtekne planverket som ligg føre i fylkeskommunen.

Vi ber difor fylkestingspolitikarane sjå på om det er andre liner som kan overførast til NGVGS slik at tilboda våre blir styrka. Vi har eit stort behov for IT-utdanning i regionen, og meiner det kan være eit reelt alternativ. Det må og sjåast på om det kan overførast aktuelle liner frå andre større skular. Fylkeskommunen har allereie lagt ned fleire vidaregåande skular i Nord-Gudbrandsdalen. Regionstyret tilrår fylkestingspolitikarane om at skulane våre blir styrka med linetilbod som imøtekjem framtidens behov for utdanning.

For Regionstyret

Harald Sve Bjørndal  
Regionrådsleiar

*Dokumentet er elektronisk og sendes uten signatur.*

Sendt på epost til følgende:

### **Medlemmer i fylkesutvalget**

- Thomas Breen (Ap)
- Hanne Alstrup Velure (H)
- Mona Cicilie Stormoen (Ap)
- Per-Gunnar Sveen (Ap)
- Iselin Vistekleiven (Ap)
- Tom Svelling (Ap)
- Johannes Christian Wahl Gran (MDG)
- Joakim Ekseth (H)
- Aud Hove (Sp)
- Ole Mathias Rønnaasen (Sp)
- Mari Gjestvang (Sp)
- Anne Lise Fredlund (SV)
- Truls Gihlemon (Frp)
- Wenche Haug Almestrand (Frp)
- Svein Birger Ørsnes (R)

### **Hovedutvalg for utdanning**

- Joakim Ekseth (H) – leder
- Hans Kristian Enge (Ap) – nestleder
- Anne Karin Torp Adolfsen (Ap)
- Ingrid Tønseth Myhr (Ap)
- Randi Eek Thorsen (Ap)
- Thomas Langeland Jørgensen (Ap)
- Anne Bjertnæs (H)
- Vegard Riseng (H)
- Bergljot Oldre (Sp)
- Bente Fossum (Sp)
- Bjørnar Tollan Jordet (SV)
- Marit Ophus (Frp)
- Stig Vaagan (V)